



Forskrift om skulereglar i Vestland fylkeskommune

April 2024

Innhald

Bakgrunnen for høyringsnotatet.....	2
Forslag til endringar	4
Forslag til forskrift om skulereglar i Vestland fylkeskommune.....	9

Bakgrunnen for høyringsnotatet

Justeringar i samband med ny opplæringslov

Ny opplæringslov er planlagt sett i verk frå 1. august 2024. Etter gjeldande lov skal alle fylkeskommunar gi forskrift om ordensreglement for elevar i dei vidaregåande skulane. I Vestland fylkeskommune er dette gjort i felles ordens- og åtferdsreglement. Reglementet skal mellom anna innehalde reglar om orden og oppførsel, og ved brot kan skulen berre bruke tiltaka som er fastsette i reglementet.

Med ny opplæringslov blir nemninga på forskrifta endra til «skulereglar». I ny opplæringslov § 10-7 er det vedtatt følgende formulering:

«Kommunen og fylkeskommunen gir forskrift om organisering av skoledemokratiet og om rettar og plikter for elevane, mellom anna om orden og oppførsel (skulereglar).

Kommunen og fylkeskommunen kan i slike skulereglar angi kva tiltak som kan brukast når elevar bryt skulereglane, og korleis slike saker skal behandlast».

Delar av dette er allereie regulert i gjeldande ordens- og åtferdsreglement, og føresegna er for det meste ei vidareføring av krava som også gjeld i dag. Innholdsmessig er forslaget til skulereglar i stor grad ei vidareføring av ordens- og åtferdsreglementet. Det nye er krav om å regulere skuledemokratiet i forskrifta. Elles vidarefører ein at det er skulereglane som regulerer kva som er god orden/åtferd på skulen, og at eventuelle tiltak (reaksjonar/sanksjonar) ein ønsker å nytte ved brot må følge av forskrifta.

Fylkeskommunane vel om det skal lagast felles skulereglar for alle vidaregåande skular eller separate reglar for kvar skule. Dagens ordning i Vestland med felles ordens- og åtferdsreglement, samstundes som det er opna for at skulane innanfor rammene av fellesforskrifta kan kome med lokale tillegg, fungerer så vidt kjent tilfredsstillande og det er difor ikkje foreslått å endre dette. Ordninga gir overordna rammer og opnar for lokale tillegg ved behov. Fylkeskommunen ser det som oversiktleg med ei felles hovudforskrift og at dette bidrar til sams praksis. Det er ikkje alle skular som har behov for å ha lokale tillegg, og det vil krevje meir administrativt å eventuelt utarbeide eigne forskrifter for kvar einskild skule.

Den nye omgrepsbruken «skulereglar» har samanheng med auka fokus på at reglane skal skrivast slik at elevane kan forstå dei. Av omsyn til klarspråk er det ønskeleg å gjere andre språklege justeringar.

I forkant av høyringa har det internt blitt gjennomført ein innspelsrunde med rektorar frå skulane, der ein har sett på moglege endringar og fått innspel til det som vart lagt fram.

Kunngjering av forskrifta og eventuelle tillegg frå skulane

I dag er det ikkje krav om å kunngjere ordens- og åtferdsreglementet i [Norsk Lovtidend](#)¹. Dette går ein bort frå med ny lov, slik at både den sentrale forskrifta og eventuelle lokale tilleggsforskrifter vil måtte bli publisert på Norsk Lovtidend. Dette inneber i praksis at skulereglane vil bli gjort tilgjengeleg også på [Lovdata.no](#)². Skular som eventuelt har behov for lokale tillegg vil som no måtte følge saksbehandlingsreglane for forskrifter. Dagens ordens- og åtferdsreglement § 14 (forslaget § 15) gir rektor mynde til å lage slike tillegg, i samarbeid med råd og utval på skulen.

Ny føresegn om skuledemokrati og medverknad

I ny opplæringslov § 10-4 kjem det ei eiga føresegn om skuledemokrati:

«Skolen skal sørge for at elevane og foreldra får vere med på å planleggje, gjennomføre og vurdere verksemda til skolen, mellom anna arbeidet med skolemiljøet, kvalitetsutvikling i opplæringa og fastsetjinga av skulereglar. Elevane skal ikkje delta i behandlinga av saker som er omfatta av lovfesta teieplikt.

Skolen skal leggje til rette for at alle elevane skal kunne ytre seg, og oppmuntre dei til å delta i skoledemokratiet. Skolen skal også hjelpe elevane i arbeidet med skoledemokratiet.»

Føresegna stiller breie krav til medverknad for elevar/foreldre når det gjeld verksemda til skulen. Sjølv om skulen etter lovteksten er pliktsubjekt, har lovgivar opna for å ha felles skulereglar som ikkje er vedtatt lokalt på skulane. I forarbeida til opplæringslova er det òg poengtert at det er fylkeskommunen som har ansvar for oppfyllinga av § 10-4, og at det er vist til «[s]kolen» sidan oppfyllinga i praksis gjerne vil skje på skulenivå. Det er opp til fylkeskommunen å avgjere «korleis elevane blir tekne med på avgjerdene», og poengtert at krava til medverknad og skoledemokrati «stiller likevel krav om både nærleik til og aktiv deltaking i avgjerder».³

For eventuelle lokale tilleggsreglar er nær og aktiv medverknad meir praktisk overkommeleg enn for felles skulereglar. For felles skulereglar vil medverknad takast i vare gjennom denne opne høyringa.

Ny regulering av ordensreglar for deltakarar i vidaregåande opplæring for vaksne

Ny opplæringslov gir heimel til å innføre eigne ordens- og åtferdsreglar for deltakarar i vidaregåande opplæring for vaksne, såkalla «ordensreglar». Dette følger av nye § 20-3:

«Kommunen og fylkeskommunen kan gi forskrift om lokale reglar for opplæringa for vaksne, mellom anna om orden og oppførsel (ordensreglar).

Kommunen og fylkeskommunen kan i slike ordensreglar angi kva tiltak som kan brukast når deltakarar bryt ordensreglane, og korleis slike saker skal behandlast.»

¹ <https://lovdata.no/lovtidend/kunngjoring>

² <https://lovdata.no/>

³ Prop. 57 L (2022–2023) Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa s. 602.

Departementet legg til grunn at dette er ein ny heimel for fylkeskommunane. Ordensreglane er meint å svare til skolereglane for elevar. Fylkeskommunen er ikkje pliktig til å ha ordensreglar, men «kan» fastsette slike. Sidan brot på krav i eller i medhald av lova ikkje kan føre til reaksjonar med mindre det står i ordensreglane, er det i praksis nødvendig å fastsette ordensreglar om ein skal reagere mot åtferd.

Fylkeskommunen foreslår difor å fastsette ordensreglar for deltakarar. Sidan elevar og deltakarar er organisert under den same skulen med same rektor, er det føremålstenleg om ein så langt som mogleg har like reglar for begge grupper. Dette er både av omsyn til elevar/deltakarar – for å hindre misforståingar – og til dei som skal handheve reglane. Det blir difor foreslått å regulere elevar og deltakarar i den same forskrifta, begge under overskrifta «skulereglar». Dette har ingen praktisk betydning sjølv om lovteksten viser til omgrepet «ordensreglar» for deltakarar. I opplæringslova er det nokre mindre ulikheitar i regelsetta for dei to gruppene som skulereglane må ta høgde for. Sjå seinare gjennomgang av forslaga for meir informasjon.

Forslag til endringar

Språklege og strukturelle endringar

I forslaget til skulereglar er det gjort enkelte språklege og strukturelle endringar som i låg grad vil bli omtalt i detalj. Det blir mellom anna foreslått å fjerne dagens tilvisingar til føresegn i sentral lov og forskrift. Fylkeskommunen meiner dette kan lette lesinga av dokumentet og verke mindre tungt, og ser samstundes at slike tilvisingar kan vere nyttige for å orientere seg i regelverket. Det er ønskeleg med innspel frå høyringsinstansane på dette punktet.

Punktvis oppstilling av forslag til endringar

Høyringsnotatet vil punktvis gjennomgå endringsforslag av ulik art. Dei fleste av forslaga er innholdsmessige endringar, mellom anna forventa oppførsel. Merk samstundes at mesteparten av den foreslåtte forskriftsteksten er ei vidareføring av gjeldande ordens- og åtferdsreglement. Enkelte andre moglege endringar, som ikkje er foreslått, er omtalt i etterkant av oppstillinga.

1. Eiga heimelsføresegn (dagens § 1) er fjerna i forslaget. Heimelen vil følge av forskrifta og av publiseringa på Lovdata, og fylkeskommunen vurderer at det ikkje er nødvendig å ha heimelen som ei separat føresegn.
2. I forslaget er det presisert at skulereglane òg gjeld ved praksis i bedrift, om ikkje anna er avtala. Det er vidare presisert at reglane gjeld for lærlingar som tar fag ved skulen. Denne gruppa har elevstatus og er difor uansett omfatta av skulereglane. Fylkeskommunen ser samstundes at det kan vere nyttig med ei presisering av denne gruppa for å unngå mistydingar.
3. Det blir foreslått ei ny føresegn om skuledemokrati, jf. § 3. Dette er for å oppfylle krav i ny opplæringslov om å regulere skuledemokratiet. Elevråd og skulemiljøutval er ført opp som brukarorgan kvar skule skal ha. Dette vil berre gjelde så langt ein lokalt ikkje vel anna organisering. Ein skule kan difor regulere dette annleis om ein ser behov for det.

4. I føresegna om elevane sine rettar er det lagt inn ei tilvising til «inkludering», jf. § 4. Alle elevar har etter ny lov § 12-2 rett til eit skulemiljø som fremjar «helse, inkludering, trivsel og læring». Det nye er tilvisinga til inkludering, og det er ønskeleg å vise til dette også i skulereglane slik at dei to regelsetta samsvarar.
5. I forslaget er det presisert at elevane har plikt til å møte fram og aktivt vere med i opplæringa, og at ein kan bli pålagt å gjere oppgåver utanfor skuletida, jf. § 5. Dette samsvar med presiseringar i ny opplæringslov.
6. Det er presisert at ein del av god orden er å «rydde opp etter seg», jf. § 6 nr. 5. Dette er på bakgrunn av erfaringar skulane har gjort seg. Fylkeskommunen ønsker difor å presisere dette slik at forventninga er klar for alle elevar/deltakarar.
7. I forslaget er det lagt til at det å vise omsyn og respekt for andre mellom anna inneber at ein bidrar positivt til andre sitt skule- og arbeidsmiljø, og at ein inkluderer medelevar. Også dette er på bakgrunn av erfaringar ved skulane. Det same gjeld presisering av at ein del av god oppførsel er å rette seg etter beskjedar frå tilsette, jf. § 7 andre avsnitt.
8. Det å «gjere skadeverk på gjenstandane/eigedomen til skulen, tilsette eller medelevar» er lagt til i opplistinga over oppførsel som er forbode, jf. § 7 nr. 4. Dette er oppførsel ein ser behovet for å presisere forventningane til i nye skulereglar.
9. I gjeldande ordens- og åtferdsreglement står det at sanksjonar «skal» bli brukt ved brot. Det blir foreslått å endre dette til at sanksjonar «kan» bli brukt, slik at det er opent for at skulen kan vurdere konkret om sanksjonar er føremålstenleg for eleven/deltakaren det gjeld. I forslaget er det òg presisert at det kan vere aktuelt med ein kombinasjon av sanksjonar. Dette er for å klargjere at uønskt oppførsel i nokre tilfelle kan bli møtt med fleire ulike sanksjonar.
10. Formuleringar i dagens § 8 nr. 2 a) om bortvising blir foreslått endra. Forslaget har samanheng med endra forståing i ny opplæringslov om kor lang ei bortvising må vere i tid for å krevje enkeltvedtak. Etter ny lov er bortvising for kortare tid enn éin dag som hovudregel ikkje eit enkeltvedtak. Om bortvisinga i den konkrete saka likevel er meir inngripande enn normalt, for eksempel om ein elev blir vist bort frå ein ekskursjon, er det etter ny lov likevel krav om enkeltvedtak. Denne nyanseringa er nemnt i forslaget til ny § 8 andre avsnitt nr. 4.
11. Ved mellombels inndraging av forbodne/farlege gjenstandar er det foreslått at gjenstandar som er ulovlege etter norsk lov blir overlatne til politiet. Om skulen inndrar tobakk, snus eller alkohol frå umyndige elevar inneber forslaget at desse normalt blir tilbakelevert til foreldra, jf. § 8 andre avsnitt nr. 5.
12. «Klassebyte» er foreslått som ein mogleg sanksjon. Eventuell bruk av sanksjonen vil bli opplevd som inngripande og skulen vil konkret måtte vurdere om det er ein rimeleg reaksjon, jf. § 8 andre avsnitt nr. 6. Slik fylkeskommunen forstår det legg ny opplæringslov til grunn at klassebyte ikkje vil krevje enkeltvedtak.
13. Moglegheita til å bli bortvist i opp til fem dagar blir foreslått til å også gjelde for deltakarar i vidaregåande opplæring for vaksne, jf. § 8 tredje avsnitt nr. 8. Dette gjer at tidsperioden svarar til den som gjeld for elevar.

For elevar er det regulert direkte i opplæringslova at bortvising ved fleire eller grove brot er avgrensa til inntil fem dagar. Den same avgrensinga har ikkje lova for deltakarar. I forarbeida⁴ er det for deltakarar vist til at [...] «det må regulerast i dei lokale ordensreglane dersom bortvising skal kunne brukast som reaksjon. Det må komme fram kva brot som kan føre til bortvising, og kva slags (kor lang) bortvising som er aktuell».

Dette betyr at den nærmare reguleringa av desse punkta er lagt til fylkeskommunane. For å samordne reglane mest mogleg er det foreslått å legge seg på den same reguleringa som for elevar. Lengre bortvising er på andre vilkår mogleg for både deltakarar og elevar.

14. Melding til politiet («anmeldelse») er i forslaget tatt ut som sanksjon og lagt i separat føresegn, jf. ny § 9. Meldingar til politiet kan bli opplevd som sanksjonar, men moglegheita til å sende slik melding er ikkje avhengig av at det er oppført som sanksjon i skulereglane. Føresegna er meint å opplyse elevar/deltakarar om kva dei kan risikere ved brot på skulereglane.

Etter dagens ordens- og åtferdsreglement «skal» straffbare forhold som skjer på skulen bli melde til politiet. Fylkeskommunen ser at ein bør ha meir rom for å vurdere om melding til politiet er føremålstenleg, og foreslår difor å endre «skal» til «kan». I forslaget er det lagt til formulering om at det same gjeld ved «mistanke» om straffbare forhold. Forslaget presiserer at ein ved mindre alvorlege forhold skal vurdere om melding til politiet er føremålstenleg.

15. Vidare er det foreslått å fjerne erstatningsansvar som ein mogleg sanksjon og heller nemne dette i separat føresegn, jf. § 10. Bakgrunnen for dette er den same som for meldingar til politiet, sjå pkt. 14.
16. Under § 11 om «vurdering i orden og oppførsel» blir det foreslått å presisere at det ikkje skal leggst avgjerande vekt på enkelthendingar med mindre hendinga er særleg klanderverdig eller grov. Dette samsvarar med gjeldande forskrift til opplæringslova.
17. I forslaget er det presisert at kravet om å vurdere elevens beste formelt sett ikkje gjeld for deltakarar i vidaregåande opplæring for vaksne, jf. § 12. Dette betyr ikkje at skulane i praksis ikkje vil ta omsyn til gode løysingar også for deltakarane. Ny opplæringslov utvidar kravet om å gjere vurderingar om barnets/elevens beste frå å ikkje berre gjelde dei under 18 år, men til alle med «elev»-status. Lovgivar har aktivt valt å ikkje utvide dette ytterlegare til andre grupper.

«Elevens beste»-vurderingar kan etter tilhøva krevje omfattande utgreiing av tilhøva rundt den enkelte, og set strenge krav til både opplysing av sak og den konkrete avveginga av ulike omsyn. Fylkeskommunen bør gjerne ikkje utvide kretsen lenger enn det lovgivar har gjort. Også deltakarar har rett til medverknad i alle saker som gjeld seg sjølve og til å ytre seg fritt. Skulane vil kunne ta omsyn til deltakarane sjølv om ein ikkje formelt er underlagt like omfattande krav til vurderingar av vedkommande sitt beste som ein vil vere for elevar.

18. I ny § 15 er det foreslått å presisere at eventuelle lokale tilleggsreglar kan presisere skulereglane og at tilleggsreglar har status som forskrift.

⁴ Prop.57 L (2022–2023) Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) pkt. 43.23.4.2.

19. Vidare foreslår fylkeskommunen at ny § 15 presiserer at kvar skule, etter ein lokal prosess og med utgangspunkt i lokale behov, kan vedta tilleggsreglar om bruk av mobiltelefonar og smartklokker. Skulane kan allereie etter dagens § 13 lage lokale reglar om bruk av mobiltelefon. Nokre skular har slike reglar, men det er ikkje alle skular som opplever at dei har behov for å regulere mobilbruk. Fylkeskommunen vurderer difor at det er tilstrekkeleg at skulane framleis skal kunne lage mobilreglar der det er eit lokal behov, og at ein ikkje her treng fellesreglar.
20. I forslaget er tilvisinga i dagens § 13 bokstav e) (ny § 15) til at lokale tilleggsreglar kan ha «internatreglar» tatt bort. Forarbeida til ny opplæringslov presiserer at «[i]nternat ikkje vil vere dekte av skolereglane». «Reglar for orden og oppførsel på internatet, og reaksjonar ved brot på desse, må eventuelt regulerast i eigne regelverk for internatet eller vere del av bebuarkontrakten».⁵ Internatreglar kan fastsettast, men fylkeskommunen har ikkje heimel til å regulere internat i forskrifta om skulereglar.

Mogleg fjerning av føresegnene om klageprosess og klageinstansar

I forslaget til skulereglar er § 13 (prosess ved klage) og § 14 (dei ulike klageinstansane) innholdsmessig vidareført. Føresegnene svarar til no gjeldande § 11, men er delt i to sidan føresegna elles blir lang og uoversiktleg. Det er elles foreslått mindre oppdateringar i føresegnene.

Eit spørsmål til vurdering er om §§ 13 og 14 bør takast ut frå skulereglane. Informasjonen i føresegnene vil følge av enkeltvedtaket som den einskilde får, då tilpassa kva som gjeld i saka. Eventuell fjerning vil gjere skulereglane kortare og føresegnene kan gjerne vere tunge å lese. Eit argument i motsett retning er at føresegnene kan bidra til å gi oversikt over prosessen også uavhengig av kva som står i eventuelle vedtak, og gjere ein merksam på klageretten. Fylkeskommunen ønsker innspel frå høyringsinstansane.

Mogleg forbod mot russeklede og andre russeffektar

Frå sentralt hald har det kome forventningar om at fylkeskommunane forbyr bruken av russeklede i tilfelle der bruken er ekskluderande. Eit forbod mot bruk av plagg er eit inngrep i ytringsfridomen til elevane og eventuelle inngrep krev heimel. Den gjengse oppfatninga blant fylkeskommunane har vore at ein treng tydeleg heimel i lov for å regulere dette. Sentralt hald synast å legge til grunn at ein har heimel gjennom plikten til å sikre eit trygt/godt skulemiljø. Samstundes med høyringa vil fylkeskommunen søke avklaring av dei rettslege rammene for oppmodinga.

Fylkeskommunen har drøfta med rektorar om skulereglane bør forby bruken av «plagg eller andre effektar som fører til ekskludering». Tilbakemeldingane frå rektorane var at dette ville vere krevjande å handtere i praksis. Ein er òg bekymra for forventningar om at forbodet blir aktualisert i andre tilfelle der elevane kan oppleve bruk av klede som ekskluderande, t.d. ved dyre merkeklede. Eit alternativ kunne vore å forby bruk av «russeplagg eller andre russeffektar, i tilfelle der bruken fører til ekskludering». Dette inneber ikkje eit generelt forbod mot russeklede, og ein hadde måtta vurdere konkret om bruken på den konkrete skulen fører til ekskludering. Fylkeskommunen ser at også ei regulering knytt til russeklede/russeffektar kan vere krevjande å handtere. Denne typen skjønnsmessige vurderingar er samstundes ikkje ukjende innanfor feltet og er ofte ikkje til å unngå. I praksis ville ei regulering gjerne

⁵ Prop.57 L (2022–2023) Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) s. 602.

vore reservert for dei tydelege tilfella. Grensetilfella kan likevel vere mange og fylkeskommunen ser at det kan vere ulike oppfatningar om kva som utgjør ekskluderande bruk.

Sjølv om det utan eit forbod mot russeklede/russeeffektar ikkje vil vere mogleg å reagere formelt med sanksjonar mot tilfelle der bruken er ekskluderande, er det andre måtar det blir jobba for å sikre ei mest mogleg inkluderande russetid for alle.

Etter ei samla vurdering er det ikkje i forskriftsteksten no lagt inn eit forbod mot bruken av russeklede/russeeffektar der det fører til ekskludering. Ein ber høyringsinstansane om å kome med innspel som administrasjonen kan bruke i ei endeleg vurdering av problemstillinga.

Mogleg sanksjonering ved bruk av plagg som heilt/delvis dekker ansiktet

Fylkeskommunen har vurdert om skulereglane bør sanksjonere brot på forbodet mot bruk av plagg som heilt eller delvis dekker ansiktet. Forbodet gjeld etter dagens opplæringslov og vil òg gjelde etter ny lov, jf. dagens opplæringslov § 9-7. Frå forbodet er det unntak for tildekking av omsyn til vêr, helse eller tryggleik, eller tildekking som tener pedagogiske eller sosiale føremål.

Eventuelle brot på forbodet kan ikkje sanksjonerast med mindre det følger av skulereglane. Gjeldande ordens- og åtferdsreglement sanksjonerer ikkje brot. I Vestland har det ikkje vore utfordringar knytt til ansiktsdekkande plagg og det er følgeleg ikkje eit stort behov for å regulere dette. Eit argument for regulering er likevel å vere i forkant av tilfelle som eventuelt kan komme opp i framtida. Om eit behov skulle oppstå vil ein utan regulering måtte gjennomgå ny forskriftsprosess for å justere skulereglane.

Det er ønskeleg med innspel frå høyringsinstansane på om skulereglane bør sanksjonere brot på forbodet mot plagg som heilt/delvis dekker ansiktet.

Fylkeskommunen viser elles til forslag til skulereglar under.

Forslag til forskrift om skulereglar i Vestland fylkeskommune

Heimel: Fastsett av fylkestinget [dato] med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 10-7 og § 20-3.

§ 1. Formål

Skulereglane skal vere eit grunnlag for godt samspel mellom alle i skulesamfunnet. Dei skal fremme trivsel, respekt og medansvar. Reglane skal fremme god orden, god oppførsel og gode arbeidsvanar, og slik legge til rette for god læring. Skulereglane skal bidra til å utvikle elevane sine sosiale ferdigheiter og til å bygge positive relasjonar mellom elevane, og mellom elevar og tilsette. Skulereglane avgjer kva tiltak/sanksjonar som kan nyttast om reglane blir brotne.

§ 2. Verkeområde

Skulereglane gjeld for alle elevar ved skular i Vestland fylkeskommune. Dette inkluderer lærlingar som tar fag ved skulen. Skulereglane gjeld òg deltakarar i vidaregåande opplæring for vaksne. For denne gruppa gjeld tilvisingar til «eleven/elevar» og liknande tilsvarande, så langt det samsvarar med anna regelverk og ikkje anna er særskilt bestemt.

Skulereglane gjeld i skuletida på skuleområdet, i timar og friminutt. Skulereglane gjeld òg ved andre opplæringsformer i skulen sin regi utanfor skuleområdet og skuletida, for eksempel ekskursjonar. Om ikkje anna er avtala gjeld dei òg ved praksis i bedrift. Skulereglane gjeld også det som skjer i dei digitale systema til skulen.

Også hendingar som skjer på fritida kan bli sanksjonert etter skulereglane, dersom hendinga påverkar skulemiljøet til ein eller fleire elevar.

§ 3. Skuledemokrati

Kvar skule skal ha desse brukarorgana, om ein ikkje i lokale tilleggsreglar vel anna organisering:

- 1) Elevråd
- 2) Skulemiljøutval

§ 4. Elevane sine rettar

- (1) Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring.
- (2) Alle elevar har rett til opplæring i samsvar med opplæringslova med forskrift, fylkeskommunale vedtak og gjeldande læreplanar.
- (3) Alle elevar har rett til medverknad i alle saker som gjeld seg sjølve.
- (4) Alle elevar har rett til å ta opp brot på desse rettane med skulen.

§ 5. Elevane sine plikter

Elevane har plikt til å rette seg etter dei lover, reglar og instruksar som gjeld. Elevane skal møte skulen sine tilsette og medelevar med omsyn og respekt. Elevane har plikt til å møte fram og aktivt vere med i opplæringa. Elevane kan bli pålagde å gjere oppgåver utanom skuletida (lekser).

§ 6. Orden

Elevane skal ha god orden. Orden heng saman med om eleven er punktleig, førebudd og følger opp arbeid. Om eleven ikkje har god orden kan dette gjere at eleven får nedsett ordenskarakter.

Det er mellom anna god orden å:

- (1) møte presis på skulen og til undervisninga .
- (2) ha skulesakene i orden.
- (3) ha med nødvendige læremiddel og utstyr.
- (4) gjere arbeid ein blir pålagt til rett tid.
- (5) rydde opp etter seg.

§ 7. Oppførsel

Elevane skal ha god oppførsel. Oppførsel heng saman med om eleven viser omsyn og respekt for andre – både medelevar, lærarar og andre tilsette. Om eleven ikkje har god oppførsel i skuletida kan dette gjere at eleven får nedsett karakter i oppførsel.

Det er god oppførsel å vise omsyn og respekt for andre, mellom anna ved å bidra positivt til andre sitt skule- og arbeidsmiljø og å inkludere medelevar. Det er òg god oppførsel å vise respekt for skulen og andre sine eigendelar, rette seg etter beskjedar frå tilsette og følge verne-/tryggleiksreglar som tilsette krev eller som er påbodne av arbeidstilsynet.

Det er forbode å:

- (1) mobbe, trakassere eller på andre måtar krenke andre fysisk, verbalt eller digitalt.
- (2) røyke tobakk, bruke elektroniske sigarettar eller snuse på skulen sitt område og ved all aktivitet i skulen sin regi.
- (3) vere påverka av, bruke, oppbevare eller selje rusmiddel på skulen sitt område.
- (4) gjere skadeverk på gjenstandane/eigedomen til skulen, tilsette eller medelevar.
- (5) ha med farlege gjenstandar eller våpen på skulen sitt område.
- (6) fuske eller forsøke å fuske på prøvar eller innleveringar.
- (7) bruke internett eller digitalt utstyr til å laste ned materiale i strid med norsk lov.
- (8) spreie lyd- eller bildeopptak av elevar, lærarar eller andre tilsette utan deira samtykke.

§ 8. Sanksjonar ved brot på skulereglane

Sanksjonar er tiltak som kan brukast mot elevar som bryt skulereglane. Det er berre sanksjonane lista opp under som kan bli brukt. Det kan vere aktuelt med ein kombinasjon av ulike sanksjonar. Sanksjonar utan klagerett:

- (1) Munnleg påtale frå ein tilsett ved skulen.
- (2) Merknadar.
- (3) Bortvising frå ei opplæringsøkt inntil to klokketimar, etter avgjerd gjort av faglærer.
- (4) Bortvising frå undervisninga for kortare tid enn éin dag, etter avgjerd gjort av rektor. I nokre tilfelle må bortvisinga gjerast som enkeltvedtak. Dette gjeld dersom bortvisinga i den konkrete saka er inngripande, for eksempel dersom bortvisinga er frå ein ekskursjon.
- (5) Mellombels inndraging av forbodne/farlege gjenstandar som for eksempel sigarettar, snus, alkohol, våpen eller narkotika. Gjenstandar som er ulovlege etter norsk lov blir overlatne til politiet. Om skulen inndrar tobakk, snus eller alkohol frå umyndige elevar blir gjenstandane normalt tilbakelevert til foreldra.
- (6) Klassebyte.

Sanksjonar med klagerett, som er enkeltvedtak og skal behandlast etter forvaltningslova:

- (7) Bortvising frå eller annullering av eksamen etter vedtak gjort av rektor.
- (8) Ved fleire eller grove brot, bortvising frå undervisninga i opp til fem dagar etter vedtak gjort av rektor.
- (9) Ved særleg alvorlege brot, bortvising frå resten av skuleåret etter vedtak gjort av avdelingsdirektøren for opplæring og kompetanse. Deltakarar i vidaregåande opplæring for vaksne kan visast bort frå resten av kurset eller modulen.
- (10) Ved oppførsel som i alvorleg grad går utover tryggleiken eller læringa til medelev eller medelevar, pålagt skulebyte etter vedtak gjort av avdelingsdirektøren for opplæring og kompetanse. Dette punktet gjeld ikkje for deltakarar i vidaregåande opplæring for vaksne.

Fysisk refsing eller anna krenkande behandling kan ikkje brukast som sanksjon. Nødrett eller nødverje kan likevel i særskilte tilfelle gjere det nødvendig for tilsette å bruke fysisk makt for å hindre at elevar skader seg sjølve eller andre, eller skader skulen sin eigedom.

§ 9. Melding til politiet om straffbare forhold

Straffbare forhold på skulen sitt område kan bli melde til politiet. Det same gjeld ved mistanke om straffbare forhold. Ved mindre alvorlege forhold blir det gjort ei vurdering av om melding til politiet er hensiktsmessig.

§ 10. Erstatningsansvar

Ved skade eller skadeverk på skulen sin eigedom kan eleven og/eller foreldre bli erstatningsansvarlege. Det same gjeld ved tap av undervisningsmateriell. Eleven kan få tilbod om å utbetre skadane sjølv om det er føremålstenleg.

§ 11. Vurdering i orden og oppførsel

Når ein elev blir vurdert i orden og oppførsel skal det gjerast ei heilskapleg vurdering av eleven opp mot skulereglane over ein lengre tidsperiode. Det skal ikkje leggest avgjerande vekt på enkelthendingar med mindre dei er særleg klanderverdige eller grove. Eleven og foreldra til elevar under 18 år har rett på skriftleg varsel dersom det er fare for at eleven kan få nokså god (Ng) eller lite god (Lg) i orden eller oppførsel.

§ 12. Saksbehandling

Skulen skal alltid følge dei generelle saksbehandlingsreglane i forvaltningslova, i tillegg til dei som går fram av opplæringslova.

Skulen informerer som hovudregel foreldre til elevar under 18 år om hendingar og reaksjonar.

Skulen skal skriftleg gjere greie for dei sanksjonar eller tiltak dei set i verk. Skulen har plikt til å dokumentere kva skulen gjer for å oppfylle aktivitetsplikta.

Før det blir tatt avgjerd om sanksjon ved brot på skulereglane skal eleven ha moglegheit til å forklare seg munnleg. Saka skal vere så godt opplyst som mogleg og ein skal alltid vurdere om alternative sanksjonar kan vere tilstrekkelege. Eleven sitt beste skal bli vurdert. Kravet om å vurdere eleven sitt beste gjeld ikkje for deltakarar i vidaregåande opplæring for vaksne. Også deltakarane har rett til medverknad i alle saker som gjeld seg sjølve og har rett til å ytre meiningane sine fritt.

§ 13. Prosess ved klage

(1) Ei klage skal vere skriftleg og bør vere grunnigitt. Klaga må også nemne endringa som er ønskt i vedtaket. Klaga skal innan klagefristen sendast til den instansen som gjorde vedtaket. Klagefristen er til vanleg tre veker etter mottak.

- a) Klage over annullering eller bortvising frå eksamen sendast til rektor.
- b) Klage over bortvising for inntil fem dagar sendast til rektor.
- c) Klage over bortvising for resten av skuleåret sendast til avdelingsdirektøren for opplæring og kompetanse.
- d) Klage over pålagt skulebyte sendast til avdelingsdirektøren for opplæring og kompetanse.
- e) Klage over bortvising frå resten av kurset eller modulen sendast til avdelingsdirektøren for opplæring og kompetanse.

(2) Dersom rektor held fast på bortvisingsvedtaket og ikkje tar klaga til følge, skal rektor sende klaga med utgreiing og grunngeving til avdelingsdirektøren for opplæring og kompetanse. Dersom avdelingsdirektøren ikkje opphevar eller endrar vedtaket sendast saka vidare til klageinstansen.

(3) Dersom rektor held fast på vedtaket om annullering av eksamen eller bortvising frå eksamen, skal rektor sende saka vidare til Statsforvaltaren.

(4) Eleven som har klaga på enkeltvedtaket skal få kopi av oversendingsbrevet og saksdokument når saka blir sendt vidare til klageinstansen. Dette gjeld også foreldre til elevar under 18 år.

§ 14. *Dei ulike klageinstansane*

(1) Ved vedtak om annullering av eksamen ved fusk eller forsøk på fusk er klageinstansen Statsforvaltaren.

(2) Ved vedtak om bortvising frå eksamen er klageinstansen Statsforvaltaren.

(3) Ved vedtak om bortvising for inntil fem dagar er klageinstansen den fylkeskommunale klagenemnda.

(4) Ved vedtak om bortvising for resten av skuleåret er klageinstansen den fylkeskommunen klagenemnda.

(5) Ved vedtak om bortvising frå resten av kurset eller modulen er klageinstansen den fylkeskommunale klagenemnda.

(6) Ved vedtak om pålagt skulebyte er klageinstansen Statsforvaltaren.

§ 15. *Tillegg til skulereglane*

Rektor kan i samråd med brukarutval lage tilleggsreglar som ikkje er dekte av skulereglane eller andre fylkeskommunale/sentrale reglar. Dei lokale reglane kan òg presisere skulereglane. Tilleggsreglane kan ikkje vere i staden for eller i strid med skulereglane. Dersom brot på tilleggsreglane kan føre til sanksjon må dette stå i tilleggsreglane. Tilleggsreglane har status som forskrift og kan omfatte:

(1) Trivsel/skulemiljø.

(2) IKT-utstyr.

(3) Reiser og skuleekskursjonar.

(4) Reglar for bruk av spesialrom som for eksempel verkstader, kjøkken eller laboratorium.

(5) Andre særskilde forhold.

Kvar skule kan etter ein lokal prosess og med utgangspunkt i lokale behov vedta eigne tilleggsreglar om bruk av mobiltelefonar og smartklokker.

§ 16. *Ikraftsetjing*

Skulereglane gjeld frå 1. august 2024. Fylkesdirektøren har mynde til å gjere mindre endringar for å halde skulereglane oppdatert med gjeldande regelverk. Slike endringar skal leggast fram som meldingar til politisk behandling i etterkant.

Frå same tidspunkt blir gjeldande forskrift om ordens- og åtferdsreglement for Vestland fylkeskommune, datert 13. februar 2020, oppheva.

